

Marius Rødland

---

<b>Dato</b>	30.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/62835-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tone Bøyum
<b>E-post</b>	Tone.Boyum@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## Avkøyrsløse - Godkjenning av teknisk utforming - Fv. 5470 Fonnebustvegen - Gnr 106 bnr 17 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 09.06.2022 med melding om ferdig opparbeidd avkøyrsløse frå fylkesveg 5470 til ny gnr. 106 bnr 17 i Alver kommune.

Det vart søkt om å oppføre ny driftsbygning på eigedomen i 2021. I samband med dette var det behov for å etablere ny tilkomst og avkøyrsløse som var dimensjonert for større køyretøy. Arealet er avsett til landbruksføremål jf. *Fonnebost småbåthamn* (2014), men planen viser ikkje avkøyrsløse til dette området.

Vestland fylkeskommune uttalte seg til tiltaket i brev av 24.06.2022, og stilte krav til utforming av avkøyrsløse jf. veglova § 43. Kommunen ga løyve til dispensasjon frå reguleringsplanen i brev av 28.06.2021, og stilte som vilkår at avkøyrsløsa skulle utformast i samsvar med Vestland fylkeskommune sine krav.

### Vurdering:

Vestland fylkeskommune var på synfaring 28.06.2022 for å vurdere avkøyrsløse med referanse FV5470 S1D1 m3037.

Avkøyrsløsa er opparbeidd i samsvar med våre vilkår i brev av 24.06.2021, jf. veglova § 43. På grunnlag av dette kan kommunen gje bruksløyve til avkøyrsløsa, og evt. ferdigattest til driftsbygning.

Vi registrerte elles på synfaring at området rundt avkøyrsløsa var planert i større grad enn det arbeidet med avkøyrsløsa skulle tilseie. Vi gjer difor merksam på tiltak innanfor byggjegrænse langs veg er søknadspliktig.

Vi minner og om at eigar eller brukar av avkøyrsløsa sjølv har ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsløse* til kvar tid er oppfylt, herunder krav til friskt (jf. vegloven § 43).

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

Vedlegg:

Krav til utforming